

SAK 14-16 UTTALE, KONSEPTVALUTGREIING (KVU) RV.7 og RV.52 GOL – VOSS

Saksopplysning

Samferdselsdepartementet har bestemt at det skal takas sikte på å legge fram ei prioritering av hovudvegsambanda mellom Austlandet og Vestlandet i Nasjonal transportplan 2018-2029. På bakgrunn av Statens vegvesen sin rapport «Utredning om forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet» har departementet bestemt at det skal etablerast to prioriterte hovudvegsamband mellom Austlandet og Vestlandet. E134 skal være den eine, medan Rv.52 eller Rv.7 skal være den andre.

Statens vegvesen Region sør har i [brev 22.09.2016](#) sendt «[Konseptvalutgredning \(KVU\) for rv. 7 og rv. 52 Gol – Voss](#)» på høyring. Konseptvalutgredninga er gjort på oppdrag frå Samferdselsdepartementet. Formålet med KVU'en er å utgreia kven av dei to fjellovergangane som i tillegg til E134 er best eigna som det andre hovudvegsambandet mellom Austlandet og Vestlandet.

Høyringsfristen er 15. desember 2016.

«Utredning om hovedforbindelser mellom Østlandet og Vestlandet»2 (aust/vest utgredninga) var på høyring i 2015. Hallingtinget gav uttale i [sak 01-15](#).

Hallingtinget handsama i sak [04-16](#) uttale til grunnlagsdokument Nasjonal Transportplan 2018 – 2029, der det m.a. vart gjort slikt vedtak:

5. Vidareutvikling Rv7 vest for Gol og Rv52

Hallingtinget har i denne omgang ikkje uttalt seg i høve vidareutvikling av Rv7 vest for Gol og Rv52 vest for Robru. Det blir sett som mest naturleg at dette skjer etter at KVU Gol – Voss blir lagt fram. Uansett val av hovudvegar aust – vest er det naudsynt med større investeringar både på Rv52 og Rv7. Dette vil Hallingtinget koma attende til i samband med høyring KVU Gol – Voss.

Med bakgrunn i Ål kommunestyre sitt vedtak i sak 52/16 er det kalla inn til møte i Hallingtinget. Ål Kommunestyre gjorde i sak 52/16 følgjande samrøystes vedtak:
«Ål kommunestyre ber Hallingtinget behandle sak om KVU Rv.7 / Rv.52 Gol – Voss i sitt ordinære møte den 27. og 28.10.16. Med fare for at nokon vil motsetja seg realitetsbehandling i saka, ber Ål kommunestyre om at det umiddelbart blir kalla inn til eit ekstraordinært Hallingting, slik at Buskerud fylkeskommune får dette med som innspeil til si behandling av saka.»

Vedlagt Ål kommune sitt framlegg til Hallingtinget sitt høyringssvar på KVU Rv7 og Rv52 Gol – Voss.

Forslag til uttale

Forslag til uttale er fremma av Ål kommune, sjå vedlegg.

Hallingdal 2.11.2016

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Ål kommune sitt framlegg til Hallingtinget sitt høyringssvar på KVU Rv7 og Rv52 Gol – Voss, dat. 2.11.2016



Ål kommune

Arkivsak-dok. 15/00213-18
Saksbehandler Tone Tveito Eidnes

Saksgang
Formannskapet

FRAMLEGG TIL HALLINGTINGET SITT HØYRINGSSVAR PÅ KVU RV7 OG RV52 GOL-VOSS

Saka vert avgjort av:
Formannskapet

Vedlegg:
Ingen

Dokument i saka:

- Brev frå Buskerud fylkeskommune: Vurdering av KVU Rv7 og Rv 52 til Buskerud fylkeskommune
- KVU Rv 7 og Rv 52 Gol-Voss
- Sak til Ål kommunestyre: Høyringsuttale til KVU Rv 7 og Rv 52 Gol-Voss
- Sak 52/16 Ål kommunestyre

Saksopplysningar:

Buskerud fylkeskommune er i gang med å utarbeide ei sak til politisk behandling i fylkeskommunen om høyringsuttale til Statens vegvesen, og ynskjer i samband med det å få ei vurdering frå kommunane i Hallingdal, representert ved Regionrådet for Hallingdal, om tilrådinga frå Statens vegvesen og med ei vurdering av lokale konsekvensar for dei ulike alternativa. Ei uttale frå hallingdalskommunane vil styrke deira arbeid med å sjå saka ut frå både lokale og regionale omsyn.

Ål formannskap ser denne saka som svært viktig for heile Hallingdal og vil be Hallingtinget ta saka opp på sitt møte. Jf kommunestyrevedtak i sak 52/16:

Ål kommunestyre ber Hallingtinget behandle sak om KVU Rv.7 / Rv.52 Gol – Voss i sitt ordinære møte den 27. og 28.10.16. Med fare for at nokon vil motsetja seg realitetsbehandling i saka, ber Ål kommunestyre om at det umiddelbart blir kalla inn til eit ekstraordinært Hallingting, slik at Buskerud fylkeskommune får dette med som innspel til si behandling av saka.

Det blir no kalla inn til nytt møte i Hallingtinget og Ål formannskap vil kome med framlegg til vedtak i Hallingtinget.

Forhold til overordna plan:

Ikkje vurdert

Miljøkonsekvenser:

Ikkje vurdert

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje vurdert

Vurdering:

Ål formannskap ser det som viktig at denne saka blir godt belyst med fokus på kva som på sikt gagnar heile Hallingdal best.

Rådmannen si innstilling:

Ål formannskap tilrår Hallingtinget å gje fylgjande uttale i saka om KVU Rv 7 Rv 52 Gol-Voss:

1. For å sikre framtidig vekst og utvikling i heile Hallingdal, støttar Hallingtinget RV7 mellom Gol og Voss som hovudveg med lang tunnel under Hardangervidda. På den måten sikrar me både regionale, miljømessige og næringspolitiske interesser i heile regionen. Me tryggjar beredskapen mellom aust og vest.
2. Hallingtinget meiner standarden på strekninga Gol - Robru må rustast opp. Vegen må leggast utanom Hemsedal sentrum.
3. Hallingtinget støttar ikkje utgreiing av diagonalen Odda-Bergen.

Ål 02.11.16

Tone Tveito Eidnes

rådmann